

Kva «betyding» fekk den russiske revolusjonen i norsk presse?



Roy Krøvel
Gjestedektor
roy.krøvel@hioa.no

Det er no 100 år sidan revolusjonære styrkar tok kontrollen over det russiske statsapparatet (den 7. november 1917). *Aftenposten* meldte dagen etter at Petrograd no var i «maksimalistenes hænder». «Det nye styret vil straks foreslaa en retfærdig fred».¹ *Aftenposten* viser deretter til Trotskij, som fortel at fleire ministrar i den gamle regjeringa er arresterte, og deretter til Lenin, som presenterer «maksimalistenes» tre «ledende spørsmål»: slutt på krigen, jord til bøndene og handling mot den økonomiske krisa.

Slutt på krigen, jord til bøndene og handling mot den økonomiske krisa var krav som norske arbeidalar og bønder kunne forstå, og *Aftenposten* gjekk grundig gjennom argumenta til bolsjevikane. Interessant nok var *Social-Demokraten* ein tanke meir kritisk eit par dagar seinare. Tittelen på stykket var «Hele Russland i oppløsning» med undertittel «Bolchevikernes kup faar tilslutning fra tyske og franske mindretalssocialister».² Var revolusjonen i røynda berre eit kupp? Det var eit spørsmål som skulle verte mykje diskutert seinare.

Kanskje kan me av desse to overskriftene også sjå at *Social-Demokraten* var betre kjend med dei indre stridane i arbeidarrørla enn *Aftenposten*. Bruken av omgrepet «bolsjevik» er i alle fall meir presist enn bruken av «maksimalist», sjølv om det i norsk presse var nokså vanleg å samle alle dei revolusjonære organisasjonane under paraplyen «maksimalist».³ Det var fleire grupper enn berre Lenins bolsjevikar som var «maksimalistar», også i det sosialrevolusjonære partiet. Men det synte seg snart at det var hjå bolsjevikane og kommunistpartiet den nye makta låg.

Definisjonsmakt

Ibyrjinga var det ekte vitehug å spore i pressedeckninga. *Aftenposten* trykte til dømes ein artikkel der Lenin fekk forklare årsakene til revolusjonen, under den nøytrale overskrifta «Baggrunden for den sidste russiske revolution».⁴ Her fekk leserane direkte tilgang til argumenta slik bolsjevikane sjølv la dei fram. Men det tok ikkje lang tid før dekninga av revolusjonen og borgarkrigen vart plassert trygt innanfor strenge ideologiske og politiske rammer. Det vart ein kamp om definisjonsmakt, om å vinne nordmenns «hearts and minds», enten no redaksjonen var for eller imot revolusjon(en). Også når artiklane tilsynelatande handla om Russland, kunne ein skarp leser forstå at dei også handla om norsk politikk og samfunnsliv.

Det er mange grunnar til å studere pressedeckninga av den russiske revolusjonen i Noreg. Pressedeckninga fortel oss noko om journalistikk som profesjon den gongen. Til ei viss grad fortel dekninga også interessante ting om det som skjedde i Russland. Men endå meir fortel dekninga oss noko om grunnlaget for diskusjon om og analyse av revolusjonen som fenomen i norsk ålmente. På dette grunnlaget vaks ein strid som til slutt ført til splitting av parti og organisasjon, noko som igjen førte til ein hard kamp om kontroll over arbeidarpissa. Arbeidarpissa vart delt i minst tre leirar, der nettopp synet på «Revolutionen» og tilhøvet til Den kommunistiske internasjonalen (Komintern) spelte avgjeraende roller.

Artiklane i dette spesialnummeret

Artiklane i dette spesialnummeret av *Mediehistorisk Tidsskrift* vart først lagde fram på eit seminar om den russiske revolusjonen tidlegare i år. **Åsmund Egge** set pressedeckninga inn i eit større perspektiv som kan hjelpe leseren til å forstå samfunn og kontekst i Noreg etter 1917, i ei tid der tilhøvet mellom politikk

og presse var svært tett. Egge diskuterer «brubyggingslinja», «en sterk tendens til det som kan kalles en brobyggingslinje», og kva den fekk å seie for tilhøvet mellom norsk arbeidarrørsle og Sovjetunionen. Egge ser tre tydelege tendensar: «Vi har for det første den ubetingete tilslutningen til kommunismen og sovjet systemet, representert ved Schefflo-fløyen i Det norske Arbeiderparti (...).» «For det andre kan vi peke på en klar antikommunistisk tendens». «Endelig eksisterte det en tredje tendens som i likhet med høyrefløyen avviste den russiske bolsjevismen, den senere stalinismen og sovjetkommunismen etter Stalin, men som likevel hadde et positivt syn på mange sider ved Sovjetunionen». Særlig i mellomkrigstida og dei fyriste åra etter den andre verdskriga stod brubyggingslinja sterkt i arbeidarrørsla.

Rune Ottosen diskuterer i artikkelen «Revolusjonsfrykt og klassekamp: 1917-revolusjonen og norsk presse» korleis oktoberrevolusjonen fekk ringverknadar i norsk avisbransje ved at revolusjonsfrykt mellom arbeidsgjevarar og leiande politikarar medverka til innskrenkya tringsfridom. Ottosen viser at den politiske turbulensen i arbeidarrørsla førte til splitting i presseorganisasjonane og stifting av nye politiske parti.

Birgitte Kjos Fonn rettar søkelyset mot dei norske vekeblada *Allers* og *Hjemmet*. Å studere vekeblad er viktig fordi dei før revolusjonen hadde fått eit stort publikum, skriv Fonn. Gjennom vekeblada kan ein få eit betre bilet av korleis revolusjonen vart presentert til det breie publikum. Fonn finn at vekeblada var ein tanke naive, kanskje beint fram «begeistra», over revolusjonen, sjølv om dei vart litt meir betenkta utover sommaren 1917. Likevel er det liten tvil om at dei to vekeblada på ein varsam måte sympatiserte med folkeoppstandane i Europa i åra rundt første verdskriga.

Roy Krøvel har skrive «Hulda Garborg, Kristoffer Uppdal og den russiske revolusjonen» om det radikale nynorsk miljøet rundt avisene *Den 17de mai* og *Fedraheimen* og bolsjevik-revolusjonen. Krøvel syner korleis fleire i dette miljøet byrja å tru på revolusjonen fordi bolsjevikane lovde jord til bøndene, makt til arbeidarråda, og fred og sjølvstyre til alle folka. Dei kunne kjenne seg igjen i slike krav. Men tru vart til motvilje etter kvart som det synte seg at «nye herrar»

sette seg over folket. Dei likte dårleg snakket om «diktatur» og framveksten av partimakt.

Dei neste artiklane zoomar inn på tre særskilt interessante enkeltpersonar. I «Den russiske revolusjon, Norge og Sigurd Simensen» fortel **Kristian Steinnes** historia om Sigurd Simensen. Simensen var saman med Martin Tranmæl og Eugene Olaussen ein av dei viktigaste leiarane av dei norske arbeidarråda i 1917 og 1918. Men han var også avismann og agitator. Ifylgje Steinnes vart frykt for revolusjon først og fremst nytta som våpen i kampen mot dyrtid. Men Simensen meinte samstundes at dei mest radikale verkemidla måtte takast i bruk dersom situasjonen ikkje betra seg.

Gudleiv Forr er forfattar av «En liberal journalist i kommunistiske omgivelser. Karl Johanssen og revolusjonene etter første verdenskrig». Karl Johanssen var journalist i *Social-Demokraten*, men var meir av ein sosialt engasjert liberalar enn sosialist. Artiklane hans irriterte bolsjevikane i Oslo og Moskva så sterkt at han vart «ekskludert etter et vedtak på Kominterns kongress i 1922». Sidan Johanssen ikkje var medlem av Arbeidarpartiet, fekk ikkje utvisinga mykje å seie reint praktisk. Forr konkluderer med at Johanssen ein periode var «revolusjonær i den revolusjonære presse, men kom, i likhet med partiet og dets hovedorgan, til sans og samling, og i resten av sin journalistkarriere holdt han fast på sin radikale liberalism».

Det siste innslaget med tilknyting til den russiske revolusjonen er eit føredrag som **Hans Fredrik Dahl** heldt om eit føredrag som Vidkun Quisling heldt om bolsjevikrevolusjonen: «Vidkun Quislings syn på den russiske revolusjon. Foredraget 'Bolsjevikrevolutionen i Rusland.' i Kra. militære samfund.» Dahl forklarar her at Quisling opphaveleg var *for* bolsjevismen og revolusjonen, men at han seinare snudde, fordi han meinte å sjå «en stadig mer hensynsløs maktkamp, der den egenrådige partisekretær Josef Stalin slo seg opp med alle midler». Dahl meiner at det er særskilt interessant å lese Quislings skildring av korleis Den røde armé er oppbygd, styrt og administrert: «Her taler en fagmann».

«Betydinga» av revolusjonen i norsk presse?
Pressedekninga var ein dynamisk prosess, der teks-

tane må lesast på bakgrunn av utviklinga og endringa i Russland og i norsk politikk. For det første var den russiske revolusjonen, det som skjedde i Russland, i stadig utvikling. Det var i starten ikkje lett å få sikker informasjon om kven som stod bak revolusjonen. Bolsjevikar hevda at det nye regimet bygde på arbeidarråda, men det synte seg at makta var meir og meir konsentrert i kommunistpartiet. På same måte vekte lovnadane om fridom for alle folk sympati i vide kretsar i Noreg. Men også her syntet røyndomen seg å vere ein litt annan enn det mange hadde trudd. «Revolutionen» var altså ikkje eit eintydig, stabilt omgrep som kan studerast utan omsyn til dei hendingane og endringane som gjekk føre seg i Russland etter 1917.

Samstundes er det fort gjort å gløyme at norske pressefolk på den tida ikkje visste det me veit i dag. I dag kjenner me til Moskva-prosessane, terroren, og me hugsar kanskje den kalde krigen, sensur og menneskerettsbrot. Den gongen, etter fleire år med brutal krig i Europa, naud og tsar-diktatur, visste dei ikkje kva framtida ville bringe med seg. Men dei visste at tsaren høyrde fortida til. Dei kunne berre vone at folkelege oppstandar kunne få slutt på krigen.

Men me lyt strekke oss endå litt lenger utover vår eigen horisont for å forstå korleis pressefolka tenkte i 1917. For oss i dag er det ikkje lett å leve seg inn i den konkrete, materielle nauda som råka arbeidsfolk i norske byar mot slutten av den første verdskrigen. Dei færreste av oss kan forstå fullt ut kva svolt er. Det same gjeld vel også det meir abstrakte omgrepet «klass». Kva betyr det eigentleg å *kjenne* seg som del av ein arbeidarklasse som ligg i strid mot fabrikkeigarar og kapital? Folketellinga frå 1910 fortel at meir enn tusen nordmenn rekna seg sjølv som «kapitalist» eller «rentenist». Dei levde av inntektene frå pengar og eide dom, og var stolte av det. På den andre sida såg arbeidarane seg sjølv spegla i dagleg samvær med andre arbeidarar på arbeidsplassane eller i stroka der arbeidarar budde. På ein måte som dei færreste i dag kan kjenne seg igjen i, me som er i en situasjon der den norske staten er eigar av verdas største investeringsfond, verdt 1,47 millionar kroner per nordmann. Det var tydelege grenser mellom klassane den gongen.

Også diskusjonen om «proletariatets diktatur» kan synast litt underleg sett frå vår eiga samtid. Men «proletariatets diktatur» kom inn i det norske språket i ei tid då store grupper i Noreg ikkje hadde stemmerett. Det er ikkje rart at arbeidsfolk av både kjønn kunne meine at «demokratiet» kring hundreårskiftet var ein illusion. Striden om valdgift (innført i 1916) illustrerer problemet til arbeidarrørsla. Den norske arbeidarklassen var for liten til å kunne gjere seg håp om å vinne makta gjennom val. Dermed kunne spørsmål, som det å innføre tvungen valdgift mot lønstvist, avgjerast av andre grupper, som bønder og borgarskap, som hadde andre interesser enn arbeidarane, som kravde løn og sosiale rettar. Mange meinte at det ikkje kunne vere rettvist. Dei mest radikale meinte at det i røynda var eit fleirtalsdiktatur der arbeidarar vart tvinga til å godta ei utbytting av arbeidskrafta si. Det er på denne bakgrunnen me må forstå kvifor det var så mykje snakk om «proletariatets diktatur» i arbeidpressa. Det er også ein del av forklaringa på kvifor så store delar av den norske pressa ikkje let til å bry seg så mykje om diktatoriske tendensar frå kommunistpartiet i Moskva.

Samstundes var det andre i arbeidarrørsla som såg føren i snakket om «proletariatets diktatur». Dei peika på at mange, kanskje eit fleirtal, av dei norske arbeidarklassen hadde stemt på andre parti enn Arbeidarpartiet då striden om valdgift raste som sterkest. Dermed måtte ein i teorien innføre eit «proletariatets diktatur» som tvinga viljen sin på eit fleirtal av arbeidarar. Kanskje hadde ein rett når det gjaldt spørsmålet om valdgift, til dømes. Men å tvinge viljen sin på arbeidarane ville måtte føre til stadig opptrapping av maktbruk og etablering av eit permanent diktatur.

Når me les avisene hundre år etter 1917, kan me kome til å tru at artiklane primært handlar om Revolutionen når dei snakkar om revolusjonen, slik som artiklane Kristofer Uppdal skreiv i mars 1918.⁵ Men då tek me feil. I røynda handlar dei minst like mykje om den indre striden i arbeidarrørsla, om saker som innføring av valdgift, om maktbalansen mellom arbeidarane ut på arbeidsplassane og det veksande byråkratiet på Youngstorget og så vidare.

Kjos Fonn stiller i leiaren i dette nummeret spørsmål om den norske pressa si dekning av revolusjonen

kan brukast som «beretning». Kor mykje seier norsk pressedeckning eigentleg om det som hende i Russland? Det ville vere feil å slutte at dekninga berre spegla hendingar og strid i det norske samfunnet. Likevel viser dette nummeret kor sterkt biletet som vart skapt av den russiske revolusjonen, byggjer på norske erfaringar og perspektiv. Slik sett føyer dekninga av den russiske revolusjonen seg inn i ei rekke undersøkingar av norsk utanriksdekning fram til vår tid. Eide og Simonsen seier til dømes at verda vert skapt heimafrå.⁶

Det norske blikket verkar på fleire nivå. Det filterer informasjon, det strukturerer vurderingane av kva som er vesentleg eller ikkje, det rammar inn informasjonen og skaper vinkling. Samstundes formidlar journalistar gjerne ny informasjon som element i lengre kulturelt forankra narrativ.

Likevel er det noko særeige ved pressedeckninga av den russiske revolusjonen. Ho representerte i seg sjølv eit nytt og annleis narrativ. Ho fortalte at revolusjon var mogeleg, og skapte sine eigne førestillingar i eit norsk publikum, enten publikum håpte på revolusjon eller kjende frykt for den. Ideen om revolusjon var nok allereie til stades, kanskje mest som ei abstrakt, teoretisk førestilling, men no fekk han ny kraft som ei konkret forteljing. Difor var det så viktig å vinne kampen om å ha den beste forteljinga om revolusjonen.

Kanskje var det norske biletet av den russiske revolusjonen mest ei tankeverd bygd på norske erfaringar og perspektiv. Men ho fekk likevel materielle konsekvensar i den verkelege verda. Pressedeckninga forma handling som førte til politisk organisering. Det er difor tittelen på dette stykket er «Kva 'betyding' fekk den russiske revolusjonen i norsk presse?», sjølv om «betyding» er eit særslig nynorskord.⁷ Men ifylgje ordbøkene har «betyding» minst to dimensjonar. For det første dreier det seg her om kva slags plass, meinings og (be)tyding norsk presse ga revolusjonen. For det andre handlar det om kva den russiske revolusjonen fekk å seie for norsk presse.

Difor handlar dette spesialnummeret om begge desse to spørsmåla som heng så tett sammen. Den som ynskjer å forstå polariseringa og konfliktane i norsk politikk og samfunn utover i 1920- og 1930-åra, må kjenne til biletet som norsk pressedeckning skapte

av den russiske revolusjonen. Men då må ein også kjenne til korleis striden om kva som var den rette forteljinga om revolusjonen, førte til strukturelle endringar i det norske presselandskapet.

Noter:

- 1 Aftenposten 8. november 1917
- 2 Social-Demokraten 12. november 1917
- 3 I omsettinga av ein artikkel av Lenin i Aftenposten 11. november 1917 vert også omgrepet «maksimalist» brukt slik. Lenin skriv «vi maksimalister».
- 4 Aftenposten 11. november 1917
- 5 Sjå Krøvel i dette nummeret.
- 6 Eide og Simonsen 2008
- 7 «Kva «betyding» fekk den russiske revolusjonen i norsk presse?» var tittel på seminaret nemnt over.

Litteraturliste

- Eide, E. og Simonsen, A.H. (2008). *Verden skapes hjemmefra. Pressedeckningen av den ikke-vestlige verden 1902–2002*. Oslo: Unipub forlag